



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 21. august 2024

Stad: Lavik kyrkjekontor

Tilstades:

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Torunn Styve, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Inger Cecilie Fitje og Bjørn Harald Nybø.

Fråfall: Ingen.

Ord til opning ved Inger Cecilie.

Godkjenning av innkalling, referat frå 16. april og sakliste.

Kommentarar til referat 16.april:

Nøkkelsboks ved kyrkja: Det skal vere mogleg å få nøkkelsboks til nøkkelen, men grunna forsikring kan ikkje denne nøkkelsboksen vere lett synleg ved døra. Det kjem forslag om å kanskje henge nøkkelsboksen på veggen i utstyrsboden.

Handicap-parkering: Toril har snakka med Stig Jonny, og dette vert sak på neste Fellesråadmøte.

Brannvarsling i kyrkja: Dersom det skulle oppstå brann, eller falsk brannalarm, skal uansett alltid Florø kalle ut mannskap i Lavik. Viss det skulle vise seg å vere brann tel minutta, og då er det svært viktig at mannskap er raskt på staden.

Meldingssaker:

15/24: Sidan sist

Konfirmasjonsgudsteneste 9. mai: Flott gudsteneste med om lag 185 til stades. 5 ungdomar vart konfirmert denne dagen.

Festgudsteneste 17.mai: 48 oppmøtte, ca. same som tidlegare år. Fjordbrass spelte ved kranspålegging.

Dåpsgudsteneste 19.mai: 1 dåpsbarn m/familie og nokre få andre var tilstades – totalt 31. Mange deltok på kyrkjekaffi i etterkant.

Friluftsgudsteneste 2.juni: 34 deltakarar. Nokre av minikonfirmantane var tilstades for utdeling av diplom. Oddny hadde laga rabarbrasuppe, og barna/ungdomen bada etterpå. Vellukka arrangement. Denne gongen var det i moloen på Norevikane, og det var ein fin stad å ha det.

Gudsteneste 30. juni: Om lag 20 tilstades. Kyrkjekaffi i etterkant.

Friluftsgudsteneste 4.aug: Vadheimstølen. Vått og kaldt.

Myldresamling rett etter påske: Påsketema. Barna fekk delta i rollespel. Dei laga hule, og dei leita, men fann ikkje Jesus. Etterpå var det song og vi avslutta med kveldsmåltid. Veldig kjekt og mange oppmøtte denne kvelden.

Sommarleir: Årets sommarleir fann stad 25. til 27. juni. Det var 7 born og 3 ungdomsleiarar frå Lavik.

Vårdugnad 29. april: 8 oppmøtte. Uteområdet fekk seg eit løft, og det vart ein kjekk ettermiddag.

16/24 Nytt frå Fellesrådet

Bjørn-Harald og Toril orienterte om møta som fann stad 23.mai og 20.juni. Det handla i stor grad om vedlikehald i dei ulike sokna. Bjørn-Harald og Toril har sett over kyrja og sakristiet etter ting som bør vedlikehaldas og ta tak i. Inni kyrkja er det mest flikking/måling, men også sprekk i nokre av vindauga, som difor bør bytast ut.

Det vart også tilsett ny kyrkjemusikar/organist og sekretær.

17/24 Konfirmasjonsundervisning 2024/2025

Inger Cecilie har ansvar for årets konfirmantar. Det er 3 konfirmantar frå Lavik i år, som skal vere saman med 2 konfirmantar frå Bjordal. Konfirmantane frå Lavik vert presentert på gudsteneste komande søndag.

Inger Cecilie orienterte om plan for konfirmantåret 24/25. Konfirmantane frå Lavik og Bjordal vil ein vere ein del saman med konfirmantane i Hyllestad og i Høyanger. Det blir lagt opp til dagssamlingar i staden for samlingar på ettermiddag, dette pga. reiseavstand. Ein kjem dette året til å bruke Konflogg som utgangspunkt for konfirmantundervisninga.

18/24 Salmeval på gudstenestene

Ofte opplev ein at det er mange ukjente salmar på gudstenestene. Men vi snakkar rundt dette, og tenker at det er positivt med litt nye og ukjente salmar. Då er det også viktig å ha salmar som er litt meir kjent, slik at ikkje alle er heilt ukjent.

Vi ser gjennom nokre salmar i salmeboka, og høyrer på nokon av dei.

Inger Cecilie ønsker innspel, dersom det er nokon som har nokre favorittar ein ønsker å synge meir i gudstenestene.

Vedtaksaker:

12/24 Gudstenesteplan hausten 2024

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar 25. aug: Eldrun og Torunn er kyrkjevert og Toril er klokkar. Kyrkjekaffi.

Haustakkefest (og dåp) 29. sept klokka 1100: Katrin er kyrkjevert og Toril er klokkar. Kyrkjekaffi, og borna blir invitert til å ta med frukt. Dette skal Toril og Regine fortelje om på myldresamling på onsdagen same veka. Det blir også informert om det i Messenger-gruppa.

Gudsteneste 20. okt klokka 1800: Regine er kyrkjevert og Toril er klokkar. Kyrkjekaffi. Inger-Cecilie skal snakke med konfirmantforeldre om konfirmantane (og eventuelt foreldra) kan bidra musikalsk i gudstenesta.

Helgemesse 3. nov klokka 1100: Bjørn-Harald er kyrkjevert og Toril er klokkar. Kyrkjekaffi.

Lysmesse 1. desember: Snakkar om denne på neste møte.

Familiegudsteneste julaftan: Snakkar om denne på neste møte.

13/24 Planlagde aktivitetar hausten 2024

Mat og Prat 23. okt klokka 1800: Toril ringer Geir Sørebo for å avtale dato. Han skal snakke med fjorårets konfirmantar om dei har lyst å samtale med han på Mat og Prat. Regine kan bidra med glutenfrie alternativ og ein dessert. Regine lagar plakat. Planlegg vidare på neste soknerådsmøte.

Myldresamling: Første myldresamling blir onsdag 25. september. Då vert tema hausttakkefest, sidan det er søndagen etter. Deretter satsar vi på å ha om lag ei samling i månaden. Regine kan ha kontakt med Hilde Iren angående barnetrimmen og planlagde aktivitetar der. Vi vil halde fram med å avslutte myldresamlingane med eit kveldsmåltid.

4/6 årssamling: Onsdag er den beste dagen å ha desse samlingane på etter å ha vore i samtale med foreldre i denne aldersgruppa. Vi vedtok 26.september som første samling, men denne datoen må vi endre på.

T-dag: Opplegget er for første- og andreklassingar. Toril skal høyre med Terje om han kan bidra med noko her. Toril hjelper til og Katrin hjelper ved høve.

Eks-minikonfirmantar: 3.-7. klasse. 27. september blir første samling. Makiklubb. Toril har ansvar, men skal også høyre om det er andre som kan vere med.

Anna tilbod til ungdom: Vi må høyre med ungdommen om det er interesse for å samlast til for eksempel tafredag der alle lagar mat ilag eller andre aktivitetar.

Generasjonsdag: Vi på finne ein dato, slik at vi kan begynne å planlegge. Vi held det opent enda, men kanskje 7. september.

NESTE MØTE: 16. oktober klokka 1800 på kyrkjekontoret.

Skrivar

Regine Borlaug Pettersen